

Informasjon

Desember

Perle:

Det har vore ei fin adventstid på Perle i år. Vi har vore tidleg ferdig med julegavene. Vi har ikkje hatt felles tradisjonar som vi har vore med på i år. Det har gjort at vi har kunne roe ned og bestemme aktivitetsnivået sjølve. Av erfaring blir ungane litt ekstra slitne i desember, og da er det godt å ikkje ha så mykje på planen. Nissedagen var veldig fin. Ungane tykte det var veldig spennande og litt skummelt. Vi var så heldige å få to frå 7.kl til å vere nissar hjå oss. Dei kom med pakke til ungane som var i barnehagen, og dei som var i skogen.

Vi har hatt fine adventsstunder m/frukt, adventssang og trekka pepperkake. Når vi hadde julekino fekk ungane litt godteri å kose seg med. På førehand spurde me kva ungane likar å sjå på og da kom det fram Peppa gris, papa troll, vennebyen og brann mann Sam. Vi såg vennebyen og brann mann Sam. Vi såg og på musevisa.

Januar

Vi ventar fortsatt på snøen og håpar den kjem no etter nyttår. Det har til tider vore vanskeleg for ungane å vere ute pga mykje is. Men det har gått bra.

I januar har vi vinter og dyr i skogen som tema. Vi kjem til å sjå etter dyrespor i snøen. Bli kjent med ulike dyrespor og kven som har gått i skogen vår. Vi kjem og til å bli kjent med dei dyra som bur i skogen om vinteren, og kvar dei finn seg mat. På mandagar kjem vi til å vere i skogen. Vi tek med matpakke og eter lunsj i lavvoen. Vi kjem til å fyre godt i lavvoen og ta med varm drikke.

Eventyret skinnvotten kjem vi til å lese og fortelje no i januar.

Tegn i januar: Lue, vottar, skli, snø, rev, bjørn, mus, ekorn, hjort.

Sangar i november: Bjørnen sover, det snør, det snør, Mikkel rev, når en liten mus skal ut å gå,

Bruse:

Det blei ei fin desember i år med mykje fine og kjekke aktivitetar. Mange spente og slitne barn når juleferien nærma seg. Me har snakka mykje med ungane om det å høyre etter og ta imot beskjedar. Overgangar frå ein aktivitet til ein anna har teke veldig lang tid når ikkje alle gjer det som blir forventa.

Aktivitetar i januar:

Oppstart skrivedans for 2015/16.

Vi fortsett med tema heimen vår, sidan me ikkje vart ferdig i haust.

Når ny månadsplan blir laga er det ikkje snø ute. I årsplan står det at vi skal ha vinteraktivitetar, så vi får ta det litt som det kjem.

Felles:

Når vi no startar opp etter nyttår er vi ekstra forsiktige med tanke på corona smitte. Viktig med handvask og sprit av hender. 1 familie i garderoben og 1 meter avstand. Me vil takke for godt samarbeid i haust. De har vore flinke å følgje smittevernglane som vi har i barnehagen.

Vi ynskjer dykk alle eit godt nytt år!